

Bemanna omsorgsbustad

Stad kommune

A photograph of a pair of hands, palms up, holding a small yellow flower with a dark center. The background is blurred, showing other people in a similar setting.

Informasjon til deg
som bur i bemanna
omsorgsbustad og til
dine pårørende



I dei bemanna omsorgsbustadane er det bemanning gjennom heile døgnet

Bemanna omsorgsbustad

Våre omsorgsbustader høyrer til eininga **Heimetenesta** i kommunen. Vi skil mellom *omsorgsbustad* og *bemanna omsorgsbustad*.

Omsorgsbustadar blir rekna som heimen din. Du betaler difor husleige som i eit vanleg leigeforhold.

Andre helse- og omsorgstenester kan du søkje om. Tildelingsnemnda vurderer søknaden din ut frå ditt behov.

Bemanna omsorgsbustadar har personale til stades heile døgnet. Dei gir deg nødvendige tenester, rettleiing og hjelp i tråd med vedtaket ditt.

Kontaktinfo:



Telefontid i heimetenesta

kl. 11.00-12.00 og frå kl. 17.00-18.00

Heimetenesta og bufellesskap

Vakttelefon: 476 856 46

Seljetunet bufellesskap

Vakttelefon: 578 58 980

Bemanna omsorgsbustad og tenestetildeling

Bemanna omsorgsbustad er ikkje eit lovpålagt tenestetilbod. Det er eit butilbod for menneske med særskilt behov for tilrettelegging og omsorg. Bemanna omsorgsbustad innebærer at ein har egne leilegheiter med tilgang på fellesareal, og tenestetilbodet er tilrettelagt med tilgang på personalet heile døgnet. Omsorgsbustaden ein er tildelt vert då å sjå på som din eigen heim.

På våre bemanna omsorgsbustadar arbeidar der helsepersonell som alltid vil jobbe etter "personsentrert omsorg" med fokus på eigenmeistring. Målet er at ein som bebuar og personalet via samhandling skal oppretthalde bebuaren sine funksjonar for at ein kan være så sjølvstendig som mogeleg.



Ved innflytting i bemanna omsorgsbustad vil ein motta standardvedtak om vask av privattøy, leige av sengetøy og handkle, samt fullkost. Ein vil også motta vedtak om praktisk bistand som omfattar tilrettelegging av frukost, middag og kvelds, klearbeid, skift av sengetøy, vask av hjelpemiddel og seng, samt reinhald av bustaden. Alle desse tenestene er betalingstenester.

! Dette gjeld ikkje omsorgsbustadar i tilknytting til bufellesskap.



Andre tenester må ein søkje om ut i frå eige hjelpebehov. Stad kommune har teneste-standard for tenester i helse- og omsorg. Standarden gjev brukarar god informasjon om dei ulike tenestene som vert ytt av heimetenesta. Ein finn standarden og søknad på www.stad.kommune.no. Gjer merksam på at dersom hjelpebehovet vert så stort at ein støttar krav for langtidsopphald i institusjon vil det bli evaluert om ein skal søkje overflytting.

Stad kommune har eiga tildelingsnemnd som består av: kommuneoverlege, kommunalsjef for helse og omsorg, einingsleiar for heimetenesta, helseavdelinga, institusjonane og bu- og miljøtenesta. Det er faste møter kvar veke der alle søknadar om helse og omsorgstenester vert drøfta før vedtak vert fatta.

Ved spørsmål angående søknad og vedtak kan du ta kontakt med sakshandsamar i ditt området. Ved andre spørsmål eller beskjedar ber vi deg og dine pårørande om å nytte tidligare oppgitt telefonnummer for din avdeling.



Sakshandsamarteamet kan du kontakte på telefonnummer 948 16 515.



Legetenester for bebuarar i bemanna omsorgsbustad

Bemanna omsorgsbustad har ikkje tilsynslege, og det vil sei at det framleis er fastlegen din som skal følgje deg opp, på same måte som når du budde heime. Det vil sei at dersom du treng legetime skal du bestille time og møte på legekontoret som vanleg. Dette gjeld også viss du skal ta blodprøver, årskontroll og andre legerelaterte oppgåver. Det er kun i særlege tilfelle tilsette skal gjennomføre desse oppgåvene, og det skal eventuelt søkjast om og vurderast i tildelingsnemda.

Informasjon om pasientreiser, timebestilling, apotektenester og liknande

Pasientfølgje til legetimar og undersøkingar er ikkje ei teneste heimetenesta utfører.

Dersom du har behov for følgje av medisinske årsaker må behandlande lege stadfeste dette skriftleg før undersøkinga. Du må alltid prøve å ordne med nokon som kan følgje deg privat. Pårørande eller kjende som følgjer kan søkje om å få dekkta tapt arbeidsforteneste og refusjon for eventuelle reiseutgifter frå pasientreiser. Ta kontakt med Pasientreiser Helse Førde på telefon 915 05 515 for meir informasjon.

Digital heimeoppfølging (DHO) og velferdsteknologi

Stad kommune har fokus på digital heimeoppfølging og anna velferdsteknologi, og vil for aktuelle brukarar der dette er tenleg, kunne tilby tenester som dekkast inn med digitalt verktøy som fyrste val. Dette kan for eksempel være digital medisindispensar, døralarmar, sensorisk utstyr, med meir.

Litt praktisk informasjon

- Ønskjeleg at alt privattøy vert merka godt med namn. Dette er for å førebyggje at kle forsvinn.
- Dei bemanna omsorgsbustadane har ei nattevakt, det vil sei at du må kunne berekne noko ventetid dersom nattevakt er oppteken med akutte hendingar. På Bryggja Omsorgssenter kan nattevakt måtte rykke ut og forlate omsorgssenteret.
- Bustadane er umøblert, og ein ynskjer å ha ein dialog med dei tilsette med tanke på kva møblar og diverse som kan tas med i bustaden.

NOTAT:





Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no